

Jacob Aall

(Tale på Høgtidsdagen 26de februar 1949 av herr Bergsgård)



Jacob Aall vart vald til medlem av dette selskapet i 1822. Han var då 49 år gammal og hadde lenge vore ein landskjend mann. Han var stor forretningsmann, ein av dei største brukseigarane i landet, skipsreiar og trelasthandlar. Han hadde vore med i Riksforstamlinga på Eidsvoll, på fleire storting og i mange offentlege kommisjonar. I 1814 hadde han hatt tilbod om å bli statsråd, men hadde avsleje, og han hadde også avsleje å bli kommissær for gjeldsoppgjeren med Danmark. I det vanskelege året 1809 hadde han gjort seg kjend med ei fritalande skrift om norske samfunnsvilkår og krav («Fædrelandske Ideer»). Han hadde

skrive fleire avhandlingar om tekniske og økonomiske, om politiske, historiske og kulturelle emne, og han hadde skrive ei rad med omsettingar av islandske ættesoger, som hadde vekt oppsikt og hissig diskusjon ved den viljen dei synte til oppnorskning av det danske bokmålet.

I boklivet var dette endå det mindre mot det som han skulle koma til å gjera; for sine største litterære arbeid gjorde Jacob Aall i sine eldre år med tidsskrifta «Nytid og Fortid» (1833-1836), som heilt og udelt var skriven av Aall, med omsettinga av kongesogene (1838-39) og aller mest med sine merkelege og overlag verdfulle «Erindringer», som først vart fullt ferdig prenta etter han var død, i 1845.

Bergsgård: Jacob Aall

29*

Jacob Aall var fødd i 1773 og son åt ein rik kjøpmann i Porsgrunn. Far hans hadde studert teologi, var kunnig i framande mål og fylgte med i bokheimen. Han vokser opp i ein god og lykkeleg heim, men fekk mørke skuggar inn over barndommen frå dålege og brutale huslærarar, som var på veg til å ta mod og sjølvtillit frå den varlåtne guten. Faren forsto den skaden som her var å bli gjord, og sende guten til skule i Nyborg på Fyen då han var 15 år gammal. Tre år etter tok han examen artium med utmerking, og han fekk deretter nokre lykkelege studentår i København. Han var rik manns son og levde som ein herre, hadde ridehest og eigen tenar og skildra seg sjølv i denne tida som ei modeløve, sers glad i dans [1]. Men den elegante modeherren var i røynda ein mykje alvorleg ungdom, streng og samvitsfull i sitt studium, og han var lite med i det lystige studentlivet. I 1795 tok han sin theologiske eksamen med utmerking, 22 år gammal.

Det var då samstundes med den siste og utgåande delen av den franske revolusjonen Jacob Aall hadde studentåra sine. Revolusjonen, slik som han var i denne tida, fylte teologen nærmast med uhugnad; heller ikkje let han seg lokka av den fritenkjarhøkpen som var så sterk i denne tida. Rett nok var det etter ynske frå faren at han hadde studert teologi, men han tenkte ei tid alvorleg på å bli prest, og på sine gamle dagar mintest han med glede at det theologiske studiet hadde styrkt han i hans barnoms gudstru [2]. Endå så flittig og mangesidig forfattar som han vart, har han likevel ingen ting å skrive om religiøse emne. Hans store bljugskap og smålæte kan ha halde han attende frå å skriva om så intime ting, men svært mykje om å gjera kan det heller ikkje ha vore for han. Det einaste ein veit med full visse om dei religiøse meiningsane hans, er at han har hatt ei fast tru på «Forsynet som styrer Menneskets små og store Begivenheder», eller «den store Bestyrelse», som han vanleg kallar det. Han sette arbeidet å biskop Balle høgt, og stelte seg mykje kritisk og tvilande, eller helst uviljug, til rørsla åt Hans Nielsen Hauge [3]. Truleg har den theologiske stoda hans vore den same som åt den beste studentkameraten og venen gjennom alle år, P. E. Müller, seinare professor i teologi og biskop i Sjælland; det blir gjerne karakterisert som ein litt utflytande supranaturalisme. Filosofisk kan ein merka sterke innslag frå naturfilosofien: «Alt hentyder paa en Enhed og Simplicitet i Grundkræfterne der giver de frydefuldeste Udsigter for Naturvidenskaben i den tilkommende Tid» [3b].

Vi levde endå i tida for dei naturvitenskaplege amatørane, del-

vis også verkelege naturvitenskapsmenn, mellom prestane, og med tanke på at det kunne vera godt å vera budd til slikt naturvitenskapleg arbeid når han skulle bli ein landsens prest, tok Aall til å studera naturvitenskap etter den teologiske embetseksperten. Det har vore eit djupt instinkt, sikkert ei sterke indre dragning, som styrde Jacob Aall der. Det nye studiet tok snart all hans interesse, og då han reiste ut på ei 2 års studieferd til tyske universitet, vart det ikkje teologi han studerte, men fysikk, kjemi, mineralogi og berglære. Han studerte under professor Werner i Freyburg, som den gongen gjekk for å vera den førande mineralogen i Tyskland. Det han sjølv skreiv i emnet, syner etter kunnige menns dom at han sto på høgd med vitenskapen i tida [4].

Medan han var på reisa, døydde far hans; han vart no herre over ein stor arv, gav opp dei siste tankane om prestekall, kjøpte i staden Nes jarnverk i 1799, og flytte inn der som nygift mann med si danske frue.

Teologen og bergkandidaten kom her inn i ei stor og mykje samansett verksemid; at han straks greidde å ta styret i den, talar høgt om medfødd forretningsevne og administrativ evne. Aall hadde studert faget vitenskapleg, og var djupt overtydd om kor viktig det var for god praktisk drift at ho alltid sto på vitenskapleg høgd i arbeidsmåtane sine. Han laut strida seg gjennom dei svære trengselstidene etter 1814, og det var kanskje inga næring som leid så hardt i dei som jarnverka. Mange av dei gjekk til grunne i desse åra. Med streng økonomisk og vitenskapleg drift greidde Jacob Aall å berge sitt, ja gjorde det kanskje til det beste i landet. I eldre år mintest han med byrgskap at «der gives knapt nogen Virksomhed i Landet der i den Grad har gjennemgaaet en rensende Skjærild som Jernværkerne» [5].

I høvet til arbeidarane vart styret hans patriarkalsk i den beste meiningsa av ordet. Han var eit nådig forsyn for alle som kom i naud, men akta også strengt etter at det var sørmeleg levnåd og god moral så vidt som makta hans rådde. Fattigstell og skulestell vart mørnsterskipnader, og gode bønder sende borna sine lange veger og leide losji åt dei for å få dei på verksskulen på Nes [6]. I dei svære hungersåra under krigen sette han inn store kapitalar for å skaffa korn i sin krins i fedrelandet, og det var visst ingen privatmann som i så måte gjorde så mykje som Jacob Aall, og ofra så mykje. Det er noko av det djupaste i hans natur som gjev seg til kjenne når han krev at i slike tider skal arbeidsherren dela kår med arbeidarane sine: «Efter min Følelse vilde jeg ikke vove at byde de Mennesker som ere overdragne min Forsorg disse bitre, lidet nærrende Substanse før jeg havde inført

dem som en Hovedspise i min egen Hussholdning». Og han klagar over alle dei rikmennene som «have i det høiste formindsket Retternes Mængde paa deres Bord uden at indskräne Födemidlernes Masse eller deres Qualitet. De have undslaet sig for at dele Skjæbne med deres Undergivne, — — — men det maa stride mod hver retsindig Husbandes Følelse at nyde Brödkornet ublanget nar hans Undergivne savne det eller fylde Maven med usle Surrogater» [7]. Tjue år seinare skreiv han at lang røynsle har lært han «at Værkseieren kun da bereder sig Glæde i Livet og Hæld i sin borgerlige Stilling naar han betrakter de Mennesker som nærmest forbandt deres Skjæbne med hans som Lemmer af en stor Familie som dele Livets Omvexlinger med hverandre» [7].

Den plikt- og ansvarsjkjensla som tala såleis, gav seg til kjenne i alt som Jacob Aall arbeidde med gjennom heile hans liv, og det var den som gong på gong dreiv den etterhaldne og noko bljugvorne mannen fram på den offentlege scena. Såleis då han i ulykkeåret 1809 sende ut sine «Fædrelandske Ideer» med ei klok utgreiing om vilkår og framtidsvegar for norsk næringsliv; der var modig kritikk over den danske monopol- og privilegiepolitiken, og han sto fram som ein fritalande ordførar for dei nasjonale hovudkrava, banken og universitetet. Det finst knapt noko anna rike i Europa, seier han, med så blømande og vid handel, med så mange heiderlege og velståande forretningsmenn som ikkje har bank. Han tok nok fråstand frå tanken om eit sjølvregjert Noreg; men han spurde òg om samanbinding av rika med trykkjande band kunne «være Midlet til at tilvejebringe indbyrdes Kjerlighet mellem systerligen forenede Lande. Overalt synes den Norske Nation ikke at fortjene denne Mistillid» [8].

Ulykka for fedrelandet dreiv han til å ta bladet frå munnen i eit brev til Christian August, og seia ifrå som endå aldri nokon nordmann hadde gjort til ein dansk prins. Han krev kornfred med England og let jamvel tanken på oppreist skimta fram i bakgrunnen om ein ikkje vil lyda etter kravet frå nasjonen. Han spør om «det var en enkelt Mand voldgivet at behandle denne agtværdige Nation som en Flok af Dyr og som et mekanisk Instrument, ene skabt til at lyde Regentens vilkaarlige Bud. Til denne slaviske Tænkemaade er Nationen allermindst disponeret i et Øieblik da den staar ene og forladt paa Krigens Skueplads». Til slutt krev han at gode nordmenn skal få koma saman og setta opp krava sine til riksstyret. Dette var i røynda ingen ting mindre enn å innby til å gjera slutt på eineveldet. Han sette i gang ein rein agitasjon over Sørlandet og fekk 89 store forret-

ningsmenn til å skriva under på ei adresse til Regjeringskomisjonen om å gjera kornfred med England, altså heint fram ein serskilt norsk utrikspolitikk [9].

Såleis står då Aall fram i dette kritiske året for fedrelandet som ein myndig og djerv talsmann for nasjonen. Dette er eit karakterfullt drag i andletet på denne mannen som med rette står som mildskapens og humanitetens sermerkte representant her i landet. Dette må vera med om biletet skal bli sant. Han var ein mann.

Likevel var Jacob Aall alle sine dagar ein av dei varmaste Danmarks-venene i Noreg; men det hindra altså ikkje at han sa ifrå om misgropa i den danske politikken, og då Nicolai Wergeland straks etter sende ut sitt logande nasjonale oppgjer med Danmark i «Mnemosyne», var Jacob Aall ein av dei som helsa denne boka varmast velkommen [10].

Ved den storslegne pengeinnsamlinga til universitetet var Jacob Aall ein av dei tre-fire rikmennene som gav dei aller største summane (20 000 spd.). For han var fedrelandske krav alltid først og fremst ein appell til han sjølv og til hans samvit.

Jacob Aall var klår over at etter krigen laut ein vera budd på ei serskilt hard tevling mellom nasjonane. Nett difor er universitetet så viktig; difor bør «Staten anstrænge sin sidste Kraft for ved Oplysnings Udbredelse og Videnskabs Stiftelser at sætte dens Borgere i Stand til klogeligen at drive deres Næringsveje». Dette praktiske siktet er likevel ikkje det første for denne forretningsmannen. Den reine vitskapen må vera det første; deretter kan koma det praktisk nyttige, og då nemner han også bergkunnskap, handelskunnskap og agronomi. Den aller første oppgåva for universitetet skal likevel vera å reinsa målet: «Det norske Sprøg er, som Skriftsprøg mestendels forsvundet. Stundom høres end Spor deraf i Landets indre Dele, og disse Sprøg vidne om Fynd og Værdighed — — — Sproget vil vorde beriget med de mange fyndige og udtryksfulde Ord og Ordbøninger som forjages af vore Skrifter, men end høres i vore Fjeldstuer. Det Danske Sprøgs Ynde, forherliget med det Norske Sprøgs Styrke, vil i Fuldkommenhed trodse de mest cultiverede Nationers».

Med eit norsk universitet må det koma større fart i arbeidet på å gje ut islandske sogeverk. «Et større Lys vil udbrede sig over Norges Historie, og Sproget vil gjenvinde den tabte Fuldkommenhed». Han held lovtalar over Island og klagar over at det har vore vanstyrt. «Norge, Islands utaknemmelige Moder, er ikke uden Brøde, og ikke ere de Danske hedenfarne Konger angerløse i denne Henseende. Island behandles indtil de sidste De-

cennier som et trælbundet Land». Men no skal det bli betre. Det skal bli ei etterforeining av Noreg og Island, og den «kan ikke skee under lykkeligere Varsler end det Norske Universitets Tempel Tinde».

Aall, den store forretningsmannen med dei sterke åndsinteres-sene, har kjent seg klemd av materialismen i Noreg. Her ventar han den største hjelpa frå universitetet. Det skal hindra at «ucultiveret Rigdom og vindesyg Egennyttie uhevnet og uadadlet kunde stemme den almindelige Tone». «Den hovmodige ucultiverede Rigdom er i de fleste Stater mere farlig for den nationale Fred end den privilegerede Adel — — — Den ucultiverede Rigdom lægger en tungere Haand paa undergivne Medborgere, og overseer haanligen mene væsentlige Fortrin». Dette er ei så alvorleg sak for Aall at han blir ikkje så lett ferdig med ho. «Staten har kun een Classe af Indvaanere som er bleven reen ibland de urene (d. e. som ikkje er «anstukken» av «Handelens Giftdraaber»); jeg mener de Lærde, og det er uden «Tvivl dens Pligt at sørge for at ikke denne hæderværdige Deel af Nationen formedelst Nærings Kummer taber sin Indflydelse paa Nationens Forædling. I Minervas Tempel maa de Vaaben smedes som skulle ave Dagens overmodige Mercur» [11].

Den borgarlege stoda åt Jacob Aall i den landsluten han budde, var grunnmura. Alle valmennene i amtet røysta på han til representant til Riksforamlinga på Eidsvoll, og han var med på dei fleste Storting fram til 1830, alltid vald som 1ste representant.

Endå han var dansk gift og dansk ven så stor at han gledde seg ved den tanken at nokon av borna hans kunne koma til å bli buande i Danmark, og endå han hadde økonomisk vinning av samfestet med Danmark for forretningane sine, valde han likevel motstrevende unionspolitikken. For hans kloke lidenskaps-lause omtanke var det den politikken som helst måtte vinna, ja ikke berre vinna i den vanskelege politiske stoda i 1814, men Jacob Aall hadde i det heile lita tru på evna å Noreg til å greia seg som sjølvstendig rike utan stønad i ein union. Til samanlikning kan ein nemna at han sto likesæl og kald til dei harde politiske stridane i 30-åra for å utvikla sjølvstendet i unionen. Han ville ikkje gje bort ein tøddel av grunnlova, men om det i høve til Sverige ingen regel fanst, «saa maa vort Fædreland — nu som under den forrige Forening — tækkes med den mindre Rang og det mindre Navn i offentlige Forhandlinger, fordi det har den mindre Vægt og Omfang, uanseet hvad der kan siges om andre Sammenligningsforhold». Og om den gamle 17 mai-striden sa han at rett nok var han glad i dagen; men var det mykje om å

gjera for kongen å ta grunnlovfesten 4. november, kunne han gjerne gå med på det [12]. Tankegangen her har si rot i heilt avgjerande og tunge inntrykk av Noregs store armod, slik som Aall hadde fått ta mot dei i krigsåra, men orda hans her syner òg veikskapen ved varsemda å Jacob Aall. Ho heldt han heller flatt til jorda, og det vart sjeldan noko stort flog eller mod over politikken hans.

Som vanleg mellom unionsmennene vantrevst Aall på Eidsvoll. Dei harde politiske stridane og personforsyfingane der hødde minst av alt med hans natur. Den høge vyrdnaden for han gjorde han sjølvskriven til å koma i Konstitusjonsnemnda, så han står i fremste rekka av grunnlovgjevarane, men store merke har han ikkje sett på grunnlova. Lufta på Eidsvoll har kjenst både for stramt nasjonalistisk og for demokratisk for Aall.

Varsemda gjorde han naturleg konservativ. Konservatismen har elles også ei kraftig rot i ein av dei mest verdfulle eigenskapane ved han, at han var så rødd for å treda nokon manns rett for nær. Difor kunne han vanskeleg få seg til å røra ved gamle rettar og privilegia så det kunne føra til tap for andre; det syntes seg ved spørsmål om adel, næringsfridom og serskilt ved spørsmålet om den almenne verjeplikta, endå her var det vel gammalt aristokratisk samfunnssyn som var det sterkeste. Den stridde han imot i Riksforamlinga, og han var ein av dei som gjorde mest til at den vart oppgjeven på stortinget 1815-16.

Sitt største arbeid på stortinga gjorde Jacob Aall i finanspolitikken, som då og i desse første åra var den mest livsviktige i Noreg. Han var kanskje vår mest finanskunnige mann i si tid, som han vel også før Schweigaard var vår fremste sosialøkonom. Den første og største saka her var spørsmålet om Eidsvollsgarantien, og Jacob Aall er ein av dei som gjorde mest til at den kom til å falla. Ein av dei fremste motmennene hans her var broren, Niels Aall, og det har si interesse å sjå på den politiske motsetninga mellom dei to brørne, som elles var gode vene og bære to store brukseigarar i den same luten av landet, bære sjølvgløymande og storfelt offerviljuge når det galdt fedrelandet. Om miljø og økonomiske interesser skulle avgjera politikken, måtte dei ha stått saman, men likevel vart nett dei motstandarar i dei største sakene, sjølvstendesaka i 1814 og Eidsvollsgarantien i 1815. Niels Aall valde sjølvstendepolitikken, vart ein av statsrådane å Christian Frederik, og han vart den sterkeste nasjonale krafta i statsrådet, den som hadde tyngst for å gje etter for svenskane og helst ville ha halde fram med krigen i august, — serleg dette siste var for Jacob Aall ein beint fram

uforsvarleg politikk. Ved spørsmålet om Eidsvollsgarantien hevda Niels Aall at vi måtte halda den for vår ære, ærlegdoms og framtidens lykke skuld, medan Jacob Aall avviste talen om at aera vart krenkt her, og hevda at vi måtte bøya oss for det naudsynlege og gje opp garantien, så sant vi ikkje ville gjera det umogleg for oss å grunnleggja ein pålitande valutta for framtida. Det var det same jordnære syn her som elles, men no vanleg godkjent som det rette [13].

Det er visst ålmenn mening mellom dei kunnige no at det hadde vore vel om stortinga hadde fylgt Jacob Aall i bankpolitiken også. Han ville ha greitt seg med eit noko mindre sølvfond til Noregs Bank, og han åtvvara gjerne mot å auka setelmengda. Slik som seinare Schweigaard hevda han at det var ikkje penge-setlar det skorta på, men det var betre liv i næringsvegane. Kan vi få dei til å gå betre, vil setelmengda auka av seg sjølv [14]. Mot ei reink teoretisk tankeføring hjå dei overmekte embetsmennene på stortinget, klaga han over at det var vanskeleg å hevda seg for eit praktisk forretningsskjøn. Sjølv hadde han både teorien og forretnings-røynsia. Han var ein avgjort sparemann, og klaga over at den aettleden han hørde til, gjekk for langt i å ta på seg offer for framtida. Ikkje i noko land har dei gått så langt i å ta børdene sjølv og spara etterslekta. Lat no den, seier han, «fuldføre Statsbygningen i den Stil hvori den Grundvold af nærværende Slægt er bleven lagt» [15].

Etter det almenne synet hans på den økonomiske stoda åt landet var det ventande at han måtte setta seg mot gjeldsoppgjeren med Danmark. Han nekta ikkje at Danmark hadde rett til pengane, men skulle Noreg bli stående aleine om betalinga, ville ho «nedstyrte det i Jammer og Elendighed», og som dei fleste andre meinte han at Sverige måtte vera med og betala, då det hadde fått største vinninga av unionen. Då Aall forsto dei politiske farane ved saka, gjekk han likevel straks lojalt over — som så mange andre — og gav til grunn at det var om å gjera å stå saman [16].

Det er ikkje her staden til å gå inn på stortingsarbeidet åt Aall, men vi skal endå nemna eit par av dei mest sermerkte sakene. Han arbeidde mot vernetollen («en Præmie paa Middelmaadighed og Magelighedens Amme») og serleg mot korntollen og for handelsfridomen, sjukehus, sinnssjukehus og folkeopplysningen. Han arbeidde mykje med fattigstellet, og skreiv ei stor utgreiing om det («Om Communevæsenet med specielt Hensyn paa Fattigvæsenet». Dertil ei heil omsetting av Fattigbolken i Grågås) [16b].

Aall er kanskje den som har gjort mest til at vedtaket i 1827

om handverkslova vart så fritt som det vart. Her hevda han liberalismen i vidaste omfang, og han gjorde det i eit innlegg som merkte seg ut like mykje med alvor som med vidt omsyn både humant og økonomisk [17].

Som ventande kunne vera med ein så åndsinteressert mann, hadde Aall alle tider serskilt interesse for folkeopplysningen. Alt i 1809 kravde han skular for jordbruket, og han hevda at fyrste-grunnane i fysikk, kjemi og matematikk kunne ein greia ut slik at bøndene kunne læra det utan vanske [18]. I 1821 var Jacob Aall ein av dei som dreiv sterkest på for å få skipa Opplysningsfondet. Det galdt å tryggja inntekter for opplysningsarbeidet: «Skal Norges Selstændighed vorde varig og lykkelig, saa maa det berede sine Sønner en større Grad af Oplysning gjennem alle Opdragelsens Grene». Difor kravde han òg med stor energi at ein måtte selja det benefiserte godset. Likevel hadde Jacob Aall den same meinингa som alle embetsmenn i Noreg den tid, at den eigenlege almugeskulen var ei sak for kommunane og ikkje for staten, og då bøndene i 1830-åra kravde at dette skulle vera ei statssak, så hevda han at staten ikkje hadde forsømt almugeskulen. Det staten helst kunne gjera, var å skipa seminar så det kunne bli gode lærarar ut over bygdene. Han trøysta seg med at vår strenge natur er «en omhyggelig Pleimoder», så opplysningen står ikkje lågare hjå oss enn i land med betre skulestell. Likevel hevda han på ny strengt at «ingen Classe bør undvære de Kundskaber som ere fornødne for at Fædrelandet med Tryghed kan lægge sin Velfærd i dens Haand og vente politisk Lyksalighed af dens Beslutninger». Dette set eit stort mål for skulen; det vil føra til betre moral, ei lykkelegare og meir opplyst slekt [20].

Den teoretiske bakgrunnen for den økonomiske politikken åt Jacob Aall er gjeven med Adam Smith, — som for dei fleste andre opplyste menn på den tid: «De Grundsætninger hvorpaa Næringsfriheden i Almindelighed hvile, ere den evige Rets. De ere grundede paa Erkjendelsen af Menneskets personlige Rettigheter. Det er ikke nok at Mennesket nyder personlig Frihed, han maa og uhindred kunne gjøre Brug av sine psykiske og aandelige Kraefter. Uindskränet Eiendomsret, uindskrenket Næringsfrihed følger ligefrem af denne Forudsætning. Men som Medlem af Statssamfundet maa Mennesket derimod taale en saadan Indskräknings af sine Rettigheder som Statens Existens, Sikkerhed og Vel kræver» [21].

Likevel blir tankane frå den store grunnleggjaren av den økonomiske liberalmen på mange måtar kryssa av tankar som har

si rot i eldre system, både fysiokratisme og merkantilisme, og i det gamle standsdelte og regulerte samfunnet. Det er ei hovudsak at staten bør ikkje leggja seg heinveges bort i arbeidslivet, men avgrensa seg til å rydda bort hindringane for den frie framvoksteren for verkesemndene. Staten bør «kun i høist nødvendige Tilfælde indskräne Eierne i den frie Raadighed af deres Eiendomme», men som den konservative mannen er han lite huga på å rydda bort slike privilegia at det kan kjennast som ein urett om dei som har sete med dei frå gammalt skal missa dei. Difor var han imot å ta bort dei gamle sagbruksprivilegia og sleppa bøndene til med fri sagskurd [22]. Dette fell godt saman med den vanlege uviljen hans mot at bøndene dreiv industri i det heile. Med grunnar som ein hadde hørt frå forretningsfolk i eit par hundre år, heldt han fram at bøndene gjer størst nytte for landet med å driva jorda. Skal råvarene bli foredla, vil det vera til størst nytte for landet at den mest kultiverte folkeklassen gjer det.

Elles er Jacob Aall helst redd for at her skulle veksa fram nokon større industri i Noreg, så redd at han helst ville vi skulle føra ut våre eigne råemne som råemne og ikkje freista med nokon større foredling av dei. Her nærmar vi oss det som går djupast i Jacob Aalls økonomiske tenking. Den har — som så mykje anna — si rot i dei personlege opplevingane av hungeråra i Noreg under krigen 1807-14. Inntrykket av den nauda har vore så sterkt at vi kan merka etterverknaden av det i politisk og økonomisk tenking like ned i 1840-50-åra, d. e. så lenge det fanst att nokon i live av den åttelukken som hadde opplevd den tida. For ein så kjenslevar mann som Jacob Aall, som levde så sterkt og ansvarsmedvite med i det sosiale livet i sin krins, har dette mest vorte som ei forgjering. Det plagar han støtt. I det meste av det han har skrive, frå «Fædrelandske Ideer» i 1809 og til «Erindringer» i 1844, tek han denne tanken oppatt og oppatt i alle slag samanhengar og skiftingar: den store farene som det er ved ein snøgg auke i folkevoksteren og ein langsamare i matavlen. Difor er det heller ingen sosialøkonomisk tenkjar som har gjort slikt inntrykk på Jacob Aall som Malthus, og han veit inga anna bottedrād enn den Malthus peika på, avhald ifrå ekteskap, d.v.s. hjå alle dei som ikkje har sikker evne til å næra ein barneflokk, m. a. o. dei fattige. Han ville helst ha knotroll med at den saka var i orden før nokon fekk lov å gifta seg; det var elles gamal regel på Nes ifrå tida før Aall kom der. I alle tilfelle må slike ikkje kunna få fattighjelp. Staten er «højligen beføjet til at styre Populationens Gang i de ringeste Klasser» [23]. Såleis ser vi då korleis ein all igjennom human og mannemild natur i sin kon-

servatismen kan bli sittande fast i gamle sosiale førestillingar som må føra til ein inhuman politikk, eller i andre tilfelle, ein sosi-al urettvis politikk.

Dette er like uventa som uvanleg hjå Jacob Aall, for hans man-nemilde fornekta seg elles ikkje når det galdt arbeidarane. Vi har hørt dei harme klagemåla hans over levemåten åt mange riktmenn i borkebrødsåra. Han klag med like stor harme over stoda åt husmennene og ufridomen åt arbeidarane når lova vil tvinga dei til å ta arbeid. Det bør vera same fridomen for arbeidssøkjaren som for arbeidsgjeveren, men arbeidaren «betragtes mere som et Middel til hans Medborgeres Lyksalighed end som et Medlem af Samfundet der har samme Ret som de til at nyde Constitutionens Fordeler». Han har kjent dette mykje alvorleg: «Det er Misbrugens værste Side at den efterhaanden befæster sig ligesom i en urokkelig Stilling som ei kan forandres uden at forvolde Ulempe og endog uden Angjældendes uretfærdige Behandling. Den priligerede Stand søger desuden ofte at udsone sig med Menneskeheden ved i enkelte Punkter at opkaste sig til dens Velgjører og saaledes lade glemme dens skadelige Indflydelse paa Samfundet i det Hele» [23b].

Med den tilhugen Aall hadde til å kjenna alle samfunnssorger og krav som krav til seg personleg, var det heilt naturleg at han også tok opp matavlen til utgreiing i ymse skrifter, serskilt åker-bruket. Som så mange store driftsherrar den tid var han sjølv ein interessert og dugande jordbrukar, og i det han skriv om desse sakene, møter vi den samansmeltinga av teoretisk innsikt og praktisk røynsle som er eit sermerke ved det meste av det Jacob Aall skreiv.

Så breitt rom som tanken på bondenæringa har i samfunnssynet åt Aall, er det naturleg at bonden sjølv også må koma sterkt fram der, og Aall kom i all si tid gjerne inn på det emnet. Synet er sermerkt for hans åttlekk, det er både tildraging og fråstøyting. Den siste kom eigenleg først noko nemnande fram med bondepolitikken i 1830-åra og «Statsborgeren». Det er berre som ein kunne venta at den stride partipolitikken som sette inn då, måtte støyta sterkt frå seg den fredens mann Jacob Aall, som alltid vantrevist med strid, og aller mest måtte den grove personforsyfblinga i «Statsborgeren» by ein mann djupt imot som var så samvitsvar og finsleg i omtalen av andre folk som Jacob Aall. «Statsborgeren» kunne få jamvel Aall til å sleppa alle hemjingar: «Det vælter sig som Skarnbassen i sit eget Dynd, og det vil for-gaae i sin egen pestilentiske Uddunstning» [24]. Han klagar over tilhugane hjå bondene til å søkja vinning og fortenest i politik-

ken anten for seg sjølve eller for si klasse, og det er klårt at slike måtte ta seg ille ut for ein mann som Jacob Aall, som aldri hadde sett det offentlege livet anna som fedrelandstenest med offer på offer og store personlege utlegg. At han sjølv ikkje alltid var frigjord for klassetanke i politikken sin, har han ikkje forstått. Ein kan t. d. ta motstandet hans mot den ålmenne verjeplikta, eller mot at bondene i Stortinget skulle ha same dagpenningar som menn frå andre samfunnsklasser. Trass i den sosiale patos som gjev seg så sterkt til kjenne mange stader hjå Jacob Aall, var han likevel eit barn av si tid og si klasse og i mange ting bunden av den fordom og dei interesser som høyrde hans klasse til. Dette saman med hans varsame og konservative natur gjorde at i så mange saker vart han ein stor forsvarar for det gamle samfundet, dvs. klasseinteressene, så det òg måtte støyta han frå bondepolitikken, som ville ha dei gamle klasseprivilegia bort.

Endå så mykje som såleis kunne støyta han, så kunne det likevel aldri dimma til det nasjonal-romantiske biletet han hadde gjort seg av bonden i unge år, og som han i røynda alltid heldt fast ved. Jacob Aall var vel så langt ifrå sjåvinisme som nokon kunne koma og heldt nasjonalbyrgskap for «en af de latterligste Udyder hvormed en Nation kan besmittes», og aller mest i Noreg, som har så lite å kyta av, men likevel — — at den norske bonden hadde maken sin, det trudde han knapt: «Norske Bønder ere ligesaamange uafhængige Godseiere — — — høre til Jordklodens lykkeligste Beboere. Af den tvangløse Tilstand følger en Raskhed og Munterhed i Sjælen, en Frimodighed i Ytringen som sløve Iagttagere have kaldet National-Stolthed». Så opplyste bønder finst ikkje andre stader. «Jeg bekjender frit og frydefuldt at jeg ofte har fundet mig tilfredsstillet, end oftere oplyst ved Samtaler med norske Bønder» [25].

Det som har gjort dei norske bondene så gjæve, er at dei alltid har vore frie, og det er den strenge naturen dei har levt i, helst fjellnaturen. Denne førestellinga om korleis fjellnaturen utviklar åndsevnene, var ålmenn i tida og heldt seg lenge etter Aalls dagar, hadde vel eigenleg si rot i skriftene åt Montesquieu, men ho svara også til noko djupt personleg i Aalls livssyn. Det er ein tanke som går att gong på gong i skriftene hans, at strenge og harde vilkår, vanskar og motgang, ja naud, eggjar fram evnene og kreftene åt menneska og driv dei til å yta sitt beste. Dette gav Aall forklaringa på så mange ting både i fedrelandet i hans eige liv. I røynda var det vel ein del av livssynet åt heile den strenge tida i Noregs soge som Henrik Wergeland døypte «Birkebeinertida».

Det er då helst fjellbonden Jacob Aall tenkjer på når han skreiv om bonden, og her møter ein nasjonal-romantikkens lys levande. Hjå fjellbonden finn han nasjonaliteten i ubroten samanheng frå den gamle sogetida. Det syner seg i «Caracteer og Adfaerd», i skikkar, husbygging og stell. Aller sterkest kjem det fram i målet: «Naar hanaabner Munden, høres ikke alene tildeels de Ord som udfloede af Oldfædrenes Mund, men den samme Fremsættelsesmaade, det samme djærve, korte, naive Foredrag hvor Intet savnes, Intet er å tillægge hvad der hører til Sagens egentlige Gjenstand» [26].

Dette gav han ei dobbelt glede når han las dei gamle sogene. Det livet som der vart skildra, kjende han att frå det han hadde sett og hørt i bygdene våre. Jacob Aall var ein av dei overlag få i Noreg og Danmark som hadde lært seg gamalnorsk. Etter tida sine vilkår måtte han jamvel kallast ein lerd mann i faget, og å setta om dei gamle sogene vart i mange år det kjæraste arbeidet for han. No høyrd ei viss interesse for den gamle soge-litteraturen tida til, og ein kan seia at Aall her gjekk saman med ungdomsvenen sin, biskop P. E. Müller, som er meir kjend for sitt «Saga-Bibliothek» enn for teologiske og religiøse skrifter, og Aall heldt da òg opp eit livleg samband med Müller i dette arbeidet. Interessa åt Jacob Aall for dei gamle sogene var likevel noko meir enn ein hobby for ein lerd amatør, det var ein del av nordmannskapen hans. Arbeidet med dei gamle sogene var ikkje berre ei personleg glede for Jacob Aall, men det òg var ei side av arbeidet for fedrelandet, eit arbeid på å styrkja kjærleiken til landet, soga og nasjonen. Med ein djup uhug mot all nasjonalistisk einsidigskap hadde Jacob Aall ein kjærleik til fedrelandet som ein sjeldan møter med slik fullnad og varme; med den varmaste dansk-kjærleik som ein fann i Noreg, var han norsk-nasjonal framom dei fleste i si tid, ja vart ein førelaupar, for den nasjonale renessanse som her skulle koma.

Så glad som Jacob Aall var over å finna «i Menigmands Mund og i daglig Tale Spor af det gamle Sprogs Aand», så tok han opp i omsettinga si slike ord «som jeg selv har hørt i daglig Tale af vore Bønder — ikke fordi jeg troede at alle disse Ord fortjente at overføres i vort Skriftsprog, men fordi jeg ønskede at gjøre mine Læsere opmærksomme på vort Sprogs gamle Rod, uden at forsømme de Midler til dets Uddannelse som senere Dages Cultur har beredt det» [27].

Av slike ord som han tok opp, kan ein nemna: godveirsdag, kveld, veiret batner, vennesæl, æsle sig, frænde, et bil, indful, anvindt, hugse, trive — trev, heller (= temmelig), tandgard,

skyldt (beslektet), tokke sig, væn, vinne (arbeide), lyse ut (kunngjøre), gå ved (tilstå), handfang, herme, lute sig, hjuring, avinde (= ovunda), skorte, madredse (= reidsle), (brød)-leif, folkemon, hag og uhag, faavittig, mandemon, røis, dvergelyd (= ekko), være fallen til, fare tveveies, retviis, samhu, thingstævne o. s. fr.

Dei norske orda i sogeomsettingane åt Aall vekte stor åtaum, som vi veit, og stor harme. Klaga var for det første at han ville forsvenska målet, og i desse åra då otten for amalgamasjon spøkte hjå alle patriotar, var dette ei farleg klage. Aall meinte at når bondene lettare forstår svensk enn dansk, ville det vera urimeleg å nekta å ta opp folkemålsord fordi om dei fanst i svensk og. Slike ord kunne gjera målet rikare, og det var berre litterær fordom som hindra dei. Då det vart vanskeleg å halda oppe påstandet om at Aall ville forsvenska målet, så vart det til at han i alle tilfelle ville forderva det, og det kom beiske klagar over «det Norske Sprogs Corruption» [27b].

Fredensmann Aall tok ikkje opp nokon strid, men kritikken gjorde den nærtakande mannen vondt og skremde han til større varsemd med slike «Omplantninger» av ord; kritikken «stansede dem brat», seier han. Omsettingane i «Saga» er nærmast for førebuing og førearbeid å rekna til det store nasjonalverket han brukte nokre år på, omsettinga av kongesogene åt Snorre og etter Snorre. Til all lykke kunne han endå ikkje anna gje etter for «denne Lyst til at blande Sprogets gamle og nye Elementer sammen», men han gjorde det med «en viss Frygtsomhed», og omsettinga av kongesogene fekk mindre av norsk målstoff enn omsettingane i «Saga» hadde hatt [28]. Endå om den fordomsfulle kritikken såleis verkeleg greidde å tvinga fram litt av ein reaksjon, vart reaksjonen frå «Saga» likevel ikkje stor, og samanlikna med dei andre bøkene frå samtidia er kongesogene ved Aall eit av dei store framtak i norsk-nasjonal lei.

At Aall skulle ha tenkt så langt som til framvoksteren av eit serskilt norsk mål ved dei norske orda han tok opp, er likevel mykje tvilsamt. Hans intime ven, biskop Müller, hadde i 1813 sett opp eit heilt program for opptaking av islandske ord og av danske og norske dialektord i skriftmålet, som han kalla «Danner-sproget»; det skulle vera ei samnemning for norsk og dansk som alle skulle vera nøgde med. Den tanken at ei slik opptaking av dialektord kanskje kunne føra til ei utskiljing, har såvidt snerta han, men han har ikkje funne tanken så alvorleg at det var verdt å gå inn på han. Han seier berre at «det vilde have de uheldigste Følger for begge Rigers Litteratur om nogensinde en egen norsk

Sprogfarve skulle fremkomme» [29]. Denne boka er nett tileigna ungdomsvenen Jacob Aall, så Müller har knapt hatt nokon tanke om at dei kunne vera usamde i denne saka, og det har dei kanskje ikkje vore heller.

Ein får venteleg den rette samanhengen her når ein ser at Jacob Aall, så langt ifrå å vera redd det svenske, heller ville ha «en venlig Forening i videnskabelig Henseende» til å fremja oldstudium og målgransking og skapa ein vidare lesering. «I videnskabelig Henseende, i at dyrke fælles Sprog og opplyse den fælles Historie, bør Søndersplittelsen mellom de nordiske Riger ei finde Sted» [30]. Dette svarar nærmast til den litterære skandinavismen som det fanst ein del av i København i 1790-åra, studenttida åt Jacob Aall, no styrkt ved den nasjonal-romantiske framvoksteren, serleg i dansk og svensk og snart også i norsk bokheim.

Vi har peika på at ein kan sjå sogeomsettingane åt Jacob Aall som ei side ved hans fedrelandske arbeid. Om Snorre-omsettinga seier han sjølv at ho var det: «Han holder sig overbeviist om at denne Læsning vil befordre Menigmands Opdragelse til at deelte i Statsstyrelsens store Værk, som nu staaer ham aaben; thi han vil finde i Værket udmerkede Forgjængere, som ved ypperlige og kraftfulle Taler understøttede den Sag de havde at forsvare. Kunde vi ikke altid stille os paa Siden af hine Talere paa Norges Thing med Hensyn til politiske og religieuse Meninger — thi ofte var Afguderi og Oprør i deres Tale — saa maa vi dog tilstaae at de første Ordet med Kraft, som oftest med Beskedennhed, og at de viste en sand Interesse for Almenvellet som til alle Tider er prisværdig» [31].

Aall tala ofte om at den gamle omsettinga av Claussøn jamt var å sjå hjå bra bønder, og vona hans var no at hans eiga omsetting skulle bli det same. Difor skaut han sjølv til store pengar for å få ho billeg nok. Så storfelt flott og fint som boka var utreidd, — det staselegaste bokverket i Noreg på lange tider, — så ho vart likevel for dyr til å bli folkebok i eigenleg meinung, men folkeboksamlingane kjøpte ho gjerne, og mange stader var ho i lang tid den gjævaste boka dei hadde [31b].

Kongesogene ved Aall vart eit nasjonalverk av dei store, og dei har sett varande merke etter seg i norsk nasjonalliv like ned til Bjørnsons og Ibsens sogedrama. Sogestilen har gått gjennom Aalls støypeform før han nådde fram til dei. Ein bør nemna at Aall tok på seg kostnaden med å gje ut andre islandske sogeverk òg, dertil den fyrste islandske ordboka (Bjørn Haldorsens is-

landsk-latinske, 1814), så arbeidet for den nasjonale bokavlen vart ikkje billegare for Aall enn arbeidet for fedrelandet elles.

Med sogeomsettingane sine var Aall komen inn på reint historisk mark, og der kjende han seg heime. Det var naturleg for Aall å tenkja historisk. Han tok sjeldan opp eit emne til utgreiing isolert berre for seg sjølv, men sette det vanleg inn i ein vid samanheng, utetter til liknande saker og tilhøve i andre land og attover til den historiske samanhengen som emnet hadde langt ned gjennom tidene i heimlandet. Desse utgreiingane vitnar om vidfemnande kunnskapar. Han var stor bokelskar, hadde råd til å skaffa seg dei bøkene han hadde bruk for, og hadde til slutt eit av dei største og beste privatbibliotek som har funnest i Noreg, m. a. med mykje god faglitteratur på framande mål [32]. Han fylgte godt med, hadde såleis kjennskap til dei engelske fabrikklovene straks dei var gjevne og kjende også parlamentsrapportane som låg til grunn for dei [32b].

Frå 1830, då han nærma seg dei 60 år, drog han seg mest mogleg attende frå det politiske livet og for ein stor del også frå forretningslivet. Han unte seg no den gleda å bruka resten av si tid og kraft til å arbeida med slikt som hugen helst trådde etter, studium og bokskriving. Som han skreiv ein gong mange år før (1813): «Det forlyster Sindet at besøge fordums Egne, at svinge sig op fra Jordens Stov til høiere Regioner» [33].

I landet vårt er han — om ikkje den einaste, så i alle fall den fremste av dei rike privatlærde som ein ikkje så sjeldan finn i rikare samfunn. For det fyrste sette han i gang eit slag tidskrift, «Nutid og Fortid», som er eineståande ved det, at kvar einaste line er skiven av redaktøren sjølv, på 4 år innved 2000 sider, ei ganske kraftig arbeidsyting. Der skreiv han mest om statsøkonomiske og finansielle emne, men også om politiske, kulturelle og sosiale spørsmål. Serleg i dei statsøkonomiske utgreiingane finn vi ofte emne som han hadde skrive om før, aller mest det uslitelege emnet om kornforsyninga for Noreg, som Aall vanskeleg vart ferdig med. På mange område, men serleg på det økonomiske, gjev desse banda ei makelaus innføring til Noreg i fyrsten av 1830-åra. På ei vis kan ein sjå dei, som også dei fleste av dei bøkene Aall hadde gjeve ut før, som førearbeid til det arbeidet som ved sida av kongesogene skulle bli hans litterære storverk, «Erindringer som Bidrag til Fædrelandets Historie fra 1800 til 1815». Titelen er forma med ekte Jacob Aall'sk smålæte, for boka er noko mykje meir enn «erindringer» og «bidrag». Ho er til denne dag og for all ettertid eit hovudverk til kunnskap om Noregs soge i ei av dei største og mest avgjerande tidene som

folket vårt nokon gong har gjennomlevt, ei edel perle i vår historiske litteratur, og vi kunne vanskeleg tenkja oss forutan ho.

Alt i dei historiske oversiktsarbeida som Aall hadde skrive før, hadde han synt evne til sjølvstendig historisk tenking. Ein kan såleis nemna at han stelte seg tvilande til læra å Schøning om den norske medverkinga i folkevandringane, han hadde sitt eige syn på kristninga av Noreg, han hadde eit visst heilsyn på striden mellom kongsmakta og lendarmanns-aristokratiet, på kong Sverre o. s. fr. Men i synet på menn og hendingar har han elles den perspektivløysa som høyrd rasjonalismen til, og når det gjeld den katolske mellomalderen, har han den vanlege protestantiske fordomen like stram som nokon annan. Vi merkar at jamvel danskvenen Aall klagar over at i danske-tida vart Noreg ein trælbunden nasjon. Då no detta skal sameinast med idyllen om «broderfolka», som Aall alltid heldt på, så løyste han denne knuten med å rekna ei ny tid frå Christian IV [34].

No er det å skriva soga om si eiga tid det vanskelegaste arbeid ein historikar kan ta på seg. Stoffet er uoversiktleg og ofte vanskeleg å finna fram, alle perspektiv er stutte eller vantar heilt, så ordninga i tilskipinga av stoffet, tilmåtinga av stort og smått byd på ovstore vanskvar, verdsettinga av menn og hendingar står alltid i fare for å bli speleg subjektiv. Desse vanskane har Aall løyst med stor dugleik og rettvise.

For det fyrste hadde Aall arbeidt med sosiale og økonomiske spørsmål heile sitt liv. Det han kunne sakna i historisk oppskuling, fekk han skadebot for ved den innsikt i alle sidene ved samfunnslivet som han hadde vunne i eit langt arbeidsliv i stor og mangesidig forretningsdrift, i storting og offentlege nemnder. Dette saman med hans dobbelte vitskaplege utdaning — theologisk og naturvitenskapleg — gav vidd til interesseområdet. I denne samansettinga i ein person av forretningsmann, offentleg mann og vitkapsmann, har Aall inkje sidestykke i landet vårt. Han hadde sin omgang mellom andre driftsherrar, statsrådar og andre som høyrd til den styrande overklassa. Dette gav utsyn over samfunnsspørsmåla ovanfrå, likeså visst som han gjennom arbeidarane sine og bøndene i bygdelaget der han budde, i nokon mon lærde dei å kjenna nedanfrå. Og Aall sto seg godt, ikkje berre med arbeidarane sine, men hadde også alle dagar full tiltru mellom bygdefolket på sine kantar. Så lite samfunn som det norske var den gongen, kan ein trygt gå ut ifrå at Aall har kjent alle dei mennene som hadde noko større å seia i samfunnslivet i Noreg i hans tid, beinveges eller gjennom omtale.

Gong på gong hadde han skrive om dei store samfunnsspør-

måla i si tid, og for kvar ny gong vann han ny kunnskap, betre forståing og større oversikt. Alt kom «Erindringer» til gode. Han hadde alltid synt ein ekte vitskapleg tilhug til å gå til kjeldene på fyrste hand eller i minsto til grundige arbeid som bygde på fyrste hands studium, og jamvel i reint populære arbeid har han ofte tilvising til litteraturen han har brukta. Det er sermerkt at han hadde lenge tenkt å skriva soga om den norske trelasthandelen, men han gav det opp då han ikkje kunne få nok arkivmateriale. Som historikar var han arkivarbeidar så langt han hadde høve til det. Til sine «Erindringer» sette han eit tillegg med eit par hundre aktstykke [35]. Kjende han seg ikkje fulltrygg på ein samanheng, hadde han i mange tilfelle høve til å skriva til hovudmannen i saka eller andre som hadde vore med. Eller han sende manuskripta sine til retting av dei som hadde vore med. På denne måten har han vunne inn for soga ei rad med viktige fyrste hands opplysningar.

Det som gjev det store ynde til Jacob Aall's «Erindringer», er då likevel det personlege, at alt det som her blir fortalt, det er opplevt av ein mykje klok og skjønsam, god og rettvist mann. I sjølve framstellingsmåten held Aall fast på «Erindring»-forma. Forfattaren er alltid til stades, alle resonnement kjem sterkt fram som hans personlege, og likevel stikk han seg aldri fram, men held seg sjølv i bakgrunnen. Det er alltid saka, samanhengen og den rette verdsettinga det gjeld, den er hans, og den går han god for. I det formelle gjev dette boka ein sterk subjektiv karakter, men det gjeld ikkje innhaldet, der møter lesaren ein streng vilje til fordomsfri objektivitet. I så måte er han den rake motsetninga til slike forfattarar som nok kan halda ei objektiv form, men endå vera sterkt subjektive i innhaldet. Sjølv sagt kan Aall heller ikkje lyfta seg ut over seg sjølv og sitt miljø. Greiv Wedel er den store helten, og med det er synspunktet gjeve. Men viljen til rettvise mot andre og motsette synsmåtar, har sjeldan gjeve seg vænare utslag.

Aall ville gjerne finna fram til det gode og positive ved sine medmenneske; men er det grunn til det, kan han vera mykje alvorleg og streng i domane sine, rett nok alltid i ei mild og human form. Denna mildskapen var ikkje berre eit naturgjeve utslag av Aalls lynde, men han var ei frukt av Aalls arbeid med seg sjølv; det var natur og kultur. Ein kan berre sjå dagboka hans frå Riksforstamlinga på Eidsvoll eller dei karakteristikkane han skreiv straks etterpå. Dei er kvasse nok, og stundom beiske og. Det er eit langt sprang frå dei til dei jamvektige og avklåra domane i «Erindringer». Då han kjende seg støytt av den karakteri-

stikken som Wergeland hadde gjeve av han som ein «ultra-loyal Temporisator», svara han med mykje sjølvkjensle, «at han har baaret frimodig Sandhed for Fædrelandets Høieste, og hans borgelige Færd troer han ikke bærer Spor af en nølende forsiktigheids Blyvægt. Men han har stedse vogtet sig for en lidenskabelig Opfatning af de omhandlede Ideer og Undersøgelser. Det frie oversyn hvortil han ifølge sin Stilling i Staten og et flittigt Studium af liberale Mestere, har søgt at hæve sig, har sat ham i Stand til uden Fordom, Lidenskab og egoistiske Hensyn at deeltage i vigtige Fædrelandets Anliggender, og i disses Behandling at give hver Sit uden at frygte for at støde an mod det ene eller det andet Parti» [36]. Her har ein det då ifrå Jacob Aalls eigen munn; — han har målmedvite utdana seg til historisk forfattar ved studium av liberale meistrar.

Vi skal difor ikkje la oss forföra av den rolege og stilt flytande overflata i «Erindringer» til å tru at her er berre mild harmoni. Det går sterke straumar under overflata, og det er det som gjev framstillinga liv og kraft. Det som mest kastar glansen over ho og gjev ho den rette indre varmen, er fedrelandskjærleiken. Boka fortel om Noreg i gjennombrotsåra til fullt medvitn fedrelandskjærleik. Ho er sjølv eit monument over den.

Jacob Aall gjekk for å vera ein av dei beste stilistane i Noreg i si tid, men vart likevel også kritisert for at han var for «poetisk», og med det meinte ein vel at han var for blømande og ordrik. I denne kritikken er det noko rett. Aall har ein stor tilhug til omskrivingar i staden for einfel og beinveges seiemåte. Det er «Beskedenhedens Blomst», «Kjærligedens Baand», «Friheden Fane», «Skattens Mynt», «Armodens Kaabe», «Vildfarelsens Vei», «forkorte Virksomhedens Arm», «vandre i Videnskabernes Lunde», «Lasten kryber ind i Armodens Hytte», «de bevingede Maskiner som pløie Havet» o. s. fr. Sume stader kan det bli så mykje av det at det kjennest som manér. Når det gjeld menn, hendingar og tilhøve, brukar han også ofte omskrivingar. I tidskrifta hans «Nutid og Fortid» går dette så langt at mang ein gong kan ein turva å vera retteleg godt kjend i den tida om ein skal forstå kven og kva han siktar til. Han skreiv ein uvanleg lett og flytande stil, stundom for lett, for omstendeleg og ordrik og er ikkje fri for oppattakingar, stundom heller ikkje for sjølvmotseiingar [37]. Serleg gjeld dette utgreiingane i «Nutid og Fortid», som ber tydeleg merke av å vera fort skrivne. Det er likt til at han har teke kritikken til seg, for i «Erindringer» er stilten fastare og tettare, biletbruket meir måtehalde, stilten meir heint fram. Her har stilten dei beste eigenskapane å Aall,

ein langeleg, roleg rytme, lett flytande, rein og mild i tonefallet, harmonisk, avklåra. Det er likesom det gode samvits ro talar ut av sjølle stilten.

Jacob Aall fekk ikkje oppleva å sjå «Erindringer» ferdigprenta, ja den siste delen av verket fekk han ikkje ein gong gjeve den siste finpussem. Ein pinefull sjukdom sløkte livslampa hans 4. august 1844, då han var 71 år gammal.

Jacob Aall hadde levt eit lykkeleg liv. Han hadde gjeve mykje av kjærleik og godleik, — i den trone krinsen i heimen, ved verket og i landet, og han fekk kjærleik att. Han var ein mykje avhalden mann, og han kjende den kjærleiken som slo imot han, og han priste si lykke.

Det fall seg slik at Jørgen Moe var huslærar på Nes for soneson å Aall dei siste par åra han levde. Gjennom breva hans får vi eit bilet av livet der; det var ein idyll, men i den ruver den gamle mektig. «Denne Bayard paa Aandens Felt »har gjort eit sterkt inntrykk på Moe. «Uden Anelse om sin litterære eller politiske Betydning, ligefrem til Barnslighed, behandler han enhver Gjæst i sin Hal som Vorherre sine i Hinumerige; her er ingen Forskjel paa store og smaa. Til Gjengjæld er enhver beredt at bære ham paa Hænderne». Moe har vorte så glad i han «at jeg af og til behøver min hele Selvbeherskelse for ikke at falde ham om Halsen». Lytefri er likevel ingen, ikkje Aall heller. Han forstår ikkje «Ironi og Spott og Udrykk der svulme over af Had til det Slette og Middelmaadige. Men saa havde han jo taft sit Bedste — den alt forsonende Mildhed der ligger over hans hele Væsen» [38].

Dette blir då det siste inntrykket av Jacob Aall. Han var ein av dei mest mangesidige givnader i landet vårt. I forretningsliv, i nasjonalt og politisk liv, i litterært liv som historisk og sosial-økonomisk forfattar, som grunnleggjande fornyar av vår gamle sogneskatt og vegbrøytar for nasjonal målvokster, på alle desse område er han ein av våre gode arbeidsmenn.

Det er eit stort og uvanleg mangesidig livsverk, men det sannar seg her som så ofte i livet, at måten eit livsverk blir bore fram på, kan vera like verdfull som verket sjølv, ja meir. Den var i alt som Jacob Aall rørde ved merkt av den personlegdomens adel som lyfter livet og gjer lufta rein i fedrelandet. Han var ei intellektuell kraft. Han var ei større moralsk.

- [1] Jacob Aalls Optegnelser 1780-1800, s. 77.
- [2] S. st., s. 62 og 95.
- [3] Nutid og Fortid II, 3, s. 286 og I, s. 116.
- [3b] Historisk-Philosophiske Samlinger II, 2, s. 241.
- [4] Munnleg opplysning av professor dr. Th. Vogt.
- [5] Nutid og Fortid III, 1, s. 151.
- [6] S. st., s. 381.
- [7] Om Kornmangel i Norge, s. 21 og 36. Nutid og Fortid I, 2, s. 155.
- [8] Fædrelandske Ideer, s. 79 og 103.
- [9] Erindringer 2. utg., s. 190 f. og 208 f.
Jac. S. Worm-Müller: Norge gjennem Nødsaarene, s. 459 f.
- [10] Erindringer, s. 258.
- [11] Fædrelandske Ideer, s. 105. Om Culturen i Norge m. H. t. det Norske Universitet. Hist.-Philosoph. Saml. III, 2, s. 191, 193, 223 og 225. II, 2, s. 251 f. Indberetninger om National-Festen 11. December 1811, s. 237, jfr. 239.
- [12] Nutid og Fortid I, 3, s. 44 og 19.
- [13] Storth. Forhandlinger 1816-16, oktober, s. 250-262.
- [14] Storth. Forh. 1821, juni, s. 593, jfr. 1827, juni, s. 583.
- [15] Alm. Norsk Maanedsskrift I, s. 479 (Statsoeconomiske Betragtninger over Agerdyrkningens Forhold til andre Næringsveie). Storth. Forh. 1828, juni, s. 120, Nutid og Fortid I, 1, s. 133.
- [16] Storth. Forh. 1821, april, s. 49 og mai, s. 295.
- [16b] Nutid og Fortid II, 2. heftet, III, 1, s. 188.
- [17] Storth. Forh. 1827. Jfr. 1830, juni, s. 481 og juli, s. 461.
- [18] Fædrelandske Ideer, s. 64 og 31.
- [19] Storth. Forh. 1821, juni, s. 304. Jfr. Nutid og Fortid II, 2, s. 26.
- [20] Nutid og Fortid III, s. 68 og II, 2, s. 22 og 3, s. 196.
- [21] Nutid og Fortid II, 3, s. 86.
- [22] Lovforslag angaaende Saugbrugsprivilegierne. 1815. Storth. Forh. 1815-16., febr., s. 93. Jfr. Alm. norsk Maanedsskrift I, s. 449.
- [23] Om Kornmangel i Norge m. H. t. Misvæxten 1812, s. 57 f., jfr. Nutid og Fortid I, 2, s. 178. Arne Nygård-Nilssen: Nes jernverk i Norsk Kulturhistorie III, s. 220.
- [23b] Nutid og Fortid III, 1, s. 47-59 og 31.
- [24] Nutid og Fortid III, 1, s. 42.
- [25] Om Kulturen i Norge m. H. t. det Norske Universitet, Historisk-Philosophiske Samlinger III, 2, s. 217 og 234.
- [26] Nogle Ord af Dagens Tone, Nutid og Fortid I, 3, s. 47. Saga I, s. 299.
- [27] Saga I, s. 3 og fortalen til omsettinga av kongesogene, s. X.
- [27b] Rolv Laache: Nordmenn og Svensker efter 1814, s. 165-278, 294-300, 306-325 og 351-360.
- [28] Nutid og Fortid I, s. 50.
- [29] Om det islandske Sprogs Vigtighed i Hist.-Philosoph. Samlinger IV, 1, s. 10 og 124.
- [30] Nutid og Fortid I, 3, s. 56 og 62.
- [31] Fortalen s. X.
- [31b] Rektor dr. Øverås fortel at i heimbygda hans, Eresfjord i Romsdal, var Kongesogene åt Aall den første boka dei kjøpte, og dei heldt omsettaren så gjæv at dei kjøpte biletet hans, sette det i glas og ramme og hengde det opp i sakristiet i kyrkja, der dei hadde boksamlinga.
- [32] Wilh. Munthe: Et gammelt norsk herregårdsbibliotek.
- [32b] Nutid og Fortid III, 1, s. 73.

- [33] Hist.-Philosoph. Samlinger IV, 2, s. 205.
- [34] Den norske Geistligheds Forfatning og Forhold til Staten i Nutid og Fortid i Hist.-Phil. Saml. II, 2, s. 216 og 232, Om Culturen i Norge m. H. t. det Norske Universitet i Hist.-Phil. Saml. III, 2, s. 199, 211 og 217.
- [35] Eigenleg 84 nummer, men mange av dei er heile samlingar med brev, opptil 14-15 på eit nummer.
- [36] Erindringer, s. 406, note 2.
- [37] Som eit serleg krast døme kan ein nemna at i eit av dei historiske arbeida hans fortel han ein stad om erkebiskop Olav Engelbrigtsen at han «gil saa vidt i hans Trodsighed og Ondskab at han lod den værdige Vincents Lunge ynkliggen myrde. Men Geistlighedens Sol daledede; thi maatte denne grove Synder flygte af Landet». Straks etter er den same Olav «den djærveste Helt» (Hist.-Philosoph. Samlinger II, s. 232).
- [38] Fra det nationale gjennembrudds tid, ved Anders Krogsvig, s. 195 og 253.

Trykt 25de februar 1960
I kommisjon hos F. Bruns Bokhandel
Aktietrykkeriet i Trondhjem